

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 19.11.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Gina Beate Holsen  
**SAKA GJELD:** **Regional rutine for varsling**

**ARKIVSAK:** 2018/813  
**STYRESAK:** **130/2018**

**STYREMØTE:** **11.12. 2018**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

1. Styret tar saka til orientering
2. Styret legg til grunn at rutinen og prosessen for handtering av varsel blir innført slik det blir gjort greie for i denne styresaka.

## Oppsummering

Vi ønsker ein open ytringskultur og oppfordrar medarbeidarar til å varsle om kritikkverdige forhold. Rutinen er forankra i kapittel 2A i arbeidsmiljølova. Rettigheter og plikter som følgjer av Arbeidsmiljølova ligg fast. Medarbeidarar skal oppleve eit trygt og godt arbeidsmiljø der det er stor openheit om å ta opp saker med nærmaste overordna eller varsle om kritikkverdige forhold.

Denne styresaka bygger vidare på Styresak 082/16 *Rutinar og system for anonym varsling ved særleg graverande forhold*, 034/14 *Rapportering på HMS- og kvalitetsområdet* og 105/15 *HMS-arbeidet i føretaksgruppa Helse Vest*. Helseføretaka har etablerte rutinar for rapportering av hendingar og rutinar for varsling. Disse ligg til grunn for denne saka, og vi skal ikkje erstatte dei allereie etablerte prosessane som er vurdert som gode, og godt kjende for alle tilsette. Dette gjeld melding om hendingar, uønskte hendingar og forbetningsforslag, som blir meldt i meldesystemet Synergi. Det denne saka dreier seg om etablering av ein felles, overordna regional rutine for varsling og korleis ein skal handtere mottatte varsel.

Målet er at vi skal vidareføre, byggje tryggleik og kultur for varsling, der ein har gode rutinar og system for å ivareta varsling. Det skal vere føreseieleg og ein skal ha eit leiarskap som skal legge til rette for openheit og deltaking frå medarbeidarar, verneombod og tillitsvalde.

## Fakta

Helse Vest har i samarbeid med helseføretaka hatt mange tiltak og lagt til rette for å utvikle ein god meldekultur og openheitskultur over mange år. Føretaksgruppa har vore godt involvert i arbeidet. Dette har vore tema på fagdag for HMS leiarar og HMS stab, samlingar for vernetenesta og tillitsvalde. I tillegg har det vore tema på ulike leiararenaer. Ei arbeidsgruppe samansett av juristar og medarbeidarar frå personal- og organisasjon, konserntillitsvalde, konsernhovudverneombodet, føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod, har tatt utgangspunkt i allereie eksisterande rettleiar og rutinar, for å forbetre og løfte desse ytterlegare.

## Kommentarar

Hensikta med desse prosessane er at medarbeidarar får rettleiing og rutinar som er kjent, både om kva ein kan varsle om, korleis ein varslar og korleis eit varsel vil bli handtert. Det er også eit mål at varsel skal bidra til at kritikkverdige forhold blir stoppa.

Rutinen gjeld heile verksemda og omfattar alle medarbeidarar, også innleidde arbeidstakarar, sjølvstendige oppdragstakarar og hospitantar/studentar/elevlar med praksisarbeid.

Eit varsel er ein melding der medarbeidar seier frå om kritikkverdige forhold i verksemda. Varsling brukast der andre melderutinar ikkje har ført fram, eller ikkje er hensiktsmessige. Varsling erstattar ikkje lovpålagte meldeordningar og bruk av internt meldesystem for hendingar/avvik, som for eksempel meldingar i meldesystemet Synergi.

Ekstern varslingsformidling ble etablert i Helse Vest i 2016. Informasjon om ordninga er tilgjengeleg på alle intranett. «Den raude knappen» for ekstern varslingsformidling grip ikkje inn i og skal ikkje erstatte dei etablerte prosessane, som er vurderte som gode og godt kjende for alle medarbeidarar.

«Den raude knappen» har lagt til rette for ein rutine og system for anonym ekstern varslingsformidling ved særleg graverande forhold. Systemet kan brukast for dei tilfella der anna tilnærming er forsøkt eller at det er utilrådeleg eller uforsvarleg å varsle i linja, og ein heller ikkje har sett seg i stand til å varsle leiarar på høgare nivå i verksemda. Dei som meiner det er rett å nytte seg av denne ordninga skal fylle ut eit skjema som skal sendast eksternt advokatfirma som anonymiserer meldinga og formidlar denne i samssvar med det som står i rettleinga.

## **Konklusjon**

Styret i Helse Vest tar dei nye rutinane til orientering, og ber administrasjonen sørgjer for at dei blir sett i verk i føretaksgruppa Helse Vest.